



DET KONGELEGE  
KULTUR- OG KYRKJEDEPARTEMENT

# St.meld. nr. 7

(2005–2006)

## Målbruk i offentleg teneste



## Innhold

<b>1</b>	<b>Innleiding .....</b>	<b>5</b>	<b>2.2.1</b>	Rapportert tilfang frå kvart enkelt statsorgan .....	<b>9</b>
1.1	Bakgrunn og hovudbodskap .....	5	<b>2.2.2</b>	Kartlegging av målbruk på nettsider .....	<b>10</b>
1.2	Nærmare om mållova og tilsynsfunksjonen .....	6	<b>2.2.3</b>	Skjema .....	<b>11</b>
<b>2</b>	<b>Rapport om statleg målbruk 2001–2004 .....</b>	<b>8</b>	<b>3</b>	<b>Mål og tiltak for arbeidet framover</b>	<b>13</b>
2.1	Målbruk i sentralt informasjonstilfang frå departementa .....	8	<b>4</b>	<b>Økonomiske og administrative konsekvensar .....</b>	<b>15</b>
2.1.1	Proposisjonar og meldingar .....	8	<b>Vedlegg</b>		
2.1.2	Andre dokumenttypar .....	8	1	Lov og forskrift om målbruk i offentleg teneste .....	<b>16</b>
2.2	Målbruk i sentralt informasjonstil- fang frå andre sentrale statsorgan ....	9	2	Målbruksstatistikk .....	<b>19</b>



# St.meld. nr. 7

(2005–2006)

## Målbruk i offentleg teneste

*Tilråding fra Kultur- og kyrkjedepartementet av 16. desember 2005,  
godkjend i statsråd same dagen  
(Regjeringa Stoltenberg II)*

### 1 Innleiing

#### 1.1 Bakgrunn og hovudbodskap

Bakgrunnen for denne meldinga er lovføresegna om at Kongen minst kvart fjerde år skal leggja fram ei stortingsmelding om målbruk i offentleg teneste, jf. § 10 i lov av 11. april 1980 nr. 5. Den førre målbruksmeldinga vart fremja av regjeringa Bonddevik II i desember 2001 og behandla i Stortinget 9. april 2002, jf. St.meld. nr. 9 (2001–2002) og Innst. S. nr. 109 (2001–2002).

Lov om målbruk i offentleg teneste, mållova, regulerer bruken av nynorsk og bokmål i staten. Lova har som hovudfunksjon å tryggja stillinga for nynorsk som offisielt skriftmål ved sida av bokmål. Indirekte har lova også ein vidare funksjon i å vera med på å sikra grunnlaget for nynorsk skriftkultur og for nynorskens posisjon i det norske språksamfunnet meir allment. Dette er dermed ei svært viktig kulturpolitisk lov.

I den politiske plattforma si har regjeringa peikt på det verdifulle mangfaldet som ligg i det at vi har to norske skriftkulturar. Formelt er nynorsk og bokmål likestilte målformer, men reelt sett har nynorsk vanskelegare vilkår. Regjeringa vil derfor streka under at det frå det offentlege si side er særlig viktig å leggja til rette for at nynorsken skal kunna utvikla seg på ein god måte.

Slik tilrettelegging vil vera ein del av den offensive språkpolitikken som regjeringa meiner det er nødvendig å føra for å styrkja posisjonen for norsk språk generelt. Noreg er eit lite språkområde, og språket vårt er under eit konstant press utanfrå. Som den minst brukte av dei to målformene er nynorsk særleg utsett.

I viktige samfunnssektorar – ikkje minst i næringslivet, i reklame og teknologiutvikling, i dei riksdekkjande avisene – er nynorsk så godt som fråverande. Det er også ei utfordring at mange skulelevar med nynorsk som opplæringsmål går over til bokmål som skriftspråk, anten seinare på utdanningsvegen eller når dei kjem over i aktivt yrkesliv.

Fullnøyande bruk av nynorsk i offentleg forvaltning representerer ei motvekt til dei delane av samfunnet der nynorsken i utgangspunktet er marginalisert. For at nynorsk skal vera godt synleg i det offentlege rommet, står dei kvantitative kvotekrava i mållova heilt sentralt. Særleg viktig i så måte er regelen om at sentrale statsorgan i allment informasjonstilfang skal veksle mellom nynorsk og bokmål slik at ingen av målformene over tid kjem ut med mindre enn 25 pst.

Denne kvantitative minstegrensa vart forskriftsfesta i 1988 og har resultert i at det i dag blir nytta langt meir nynorsk i staten enn før ein hadde

ein slik klar regel å visa til. Men dessverre er det likevel enno på langt nær alle statsorgan som etterlever denne regelen. Mange stader vantar det mykje på at så er tilfelle. Dette er svært uheldig, og det kan ikkje halda fram på denne måten.

I meldinga frå 2001 la Bondevik-regjeringa opp til ein ny giv for nynorsk målbruk i staten, og dei skisserte tiltaka fekk full tilslutning frå alle storingspartia utanom Framstegspartiet. I ettertid har dette ikkje vore følgt opp slik ein kunne venta, og gjennomgangen i denne meldinga viser at det har vore liten framgang i nynorskbruken den siste fireårsperioden. På fleire område har utviklinga gått i motsett lei.

Dette gjer det nødvendig å henta fram att det offensive tiltaksprogrammet som vart lagt fram i den førre meldinga, og leggja større innsats og meir ressursar i å følgja dette aktivt opp på gjennomføringssida.

Eit særleg viktig punkt i så måte er etableringa av ei konsulentteneste for offentleg språk som ein del av sekretariatet i Språkrådet. Dette vart foreslått i meldinga for fire år sidan, og Språkrådet har i haust tilsett ein språkrådgjevar til å leia det vidare arbeidet med å byggja opp denne tenesta. I budsjettframlegget for 2006 er det lagt inn midlar til to nye stillinger.

Ei statleg språkonsulentteneste skal arbeida for eit betre og meir forståeleg offentleg språk uavhengig av målform. Dette er viktig både i eit demokratiperspektiv og eit velferdsperspektiv. Det er likevel eit faktum at statstilsette flest treng mest hjelp og støtte når dei skriv nynorsk, og i første omgang skal språkkonsulentane prioritera arbeidet med å styrkja nynorsk målbruk i staten.

Det er likevel grenser for kva ei slik teneste kan utretta innanfor eit stort statleg forvaltningsapparat. Sjølve grunnlaget for at vi i det heile kan ha ei mållov med plikt for tilsette til å bruka både bokmål og nynorsk, er den skriftelege sidemålsopplæringa i skulen. Denne opplæringa må utviklast og styrkast, ikkje reduserast.

Målbruksreglane er ein del av dei grunnleggjande saksbehandlingspliktene som kviler på kvart enkelt statsorgan. Det er ikkje høve til å sjå bort frå slike reglar eller over tid prioritera dei ned fordi andre omsyn kan kjennast meir presserande i det daglege. Dette har med overordna planlegging av verksemnda å gjera og er til sjuande og sist eit klart leiaransvar. Lang erfaring viser at positiv haldning og aktiv oppfølging på leiarnivå er ein avgjerande føresetnad for suksess i arbeidet med språkleg jamstilling i staten.

Regjeringa ventar no at alle statlege leiarar tek på seg det ansvaret dei har, og gir eit klart og utvi-

tydig signal internt i eigen organisasjon om at målbruksreglane heretter skal følgjast til punkt og prikke. Eventuelle problem i samband med dette må ein aktivt freista å finna formålstenlege løysingar på. Etter kvart som den statlege språkkonsulenttenesta blir bygd ut, vil ein frå sentralt hald yta hjelp og støtte så langt ressursane strekk til.

Eit strategisk viktig startpunkt for ei nødvendig intensivering av det statlege måljamstillsarbeidet er å rydda opp på dei statlege heimesidene på Internett. Ei særskild kartlegging som vart gjennomført i august 2005, viste at det var svært lite nynorsk å finna på dei fleste av desse nettstadene, gjennomgående langt under 25 pst.

Dette er bakgrunnen for at regjeringa i det politiske grunnlagsdokumentet sitt har funne det nødvendig å streka under at offentlege nettstader skal følgja mållova. Nettstaden eller heimesida er på mange måtar det andletet som institusjonane viser fram for omverda. Her er det derfor særleg om å gjera at den nynorske målforma er godt synleg. Dette må såleis bli ei prioritert oppgåve i den aller nærmaste tida.

Dersom ikkje intensivert innsats og dei andre skisserte tiltaka i denne meldinga gir snarlege og tilfredsstillande resultat, vil regjeringa vurdera om det kan vera tenleg å ta i bruk sanksjonar av meir negativ karakter overfor statsorgan som ikkje viser vilje til å etterleva målbruksreglane.

## 1.2 Nærmore om mållova og tilsynsfunksjonen

I tråd med framstillinga ovanfor vil rapporteringa og vurderingane i denne meldinga i all hovudsak bli avgrensa til kravet om minst 25 pst. av kvar målform i allment informasjonstilfang frå sentrale statsorgan. Mållova har likevel eit breiare sikte og eit vidare innhald enn dette.

Sjølve faneparagrafen i lova slår fast at bokmål og nynorsk er likeverdige målformer og skal vera jamstalte skriftspråk i alle organ for stat, fylkeskommune og kommune. Dei nærmare reglane gjeld likevel berre for statstenesta, ikkje i kommunar og fylkeskommunar. Lovreglane må sjåast i samanheng med utfyllande reglar fastsette i forskrift. Sjølve lova og den tilhøyrande forskrifta er trykt som vedlegg 1 til denne meldinga.

Det samla regelverket om målbruk i staten kan enkelt sorterast i to delar etter kva prinsipp reglane bygger på.

*Det eine prinsippet* kjem til uttrykk ved at det er målforma til eit lågare statleg forvaltningsorgan, ein kommune, ein fylkeskommune eller ein privat

part som eit statsorgan må retta seg etter i den skriftlege kommunikasjonen sin med desse. Tilsvarande må eit statsorgan i allment informasjonsstilfang som i innhald eller med basis i tenestekrinsen til organet har særleg tilknyting til eit avgrensa geografisk område, retta seg etter den eventuelle fleirtalsmålforma som gjeld for dette området. Kva som ligg i omgrepene «fleirtalsmålform», går fram av § 7 i lova, mens omgrepene «tenestekrins» er definert i § 3 i forskrifta.

*Det andre prinsippet* går ut på at eit statsorgan som hovudregel skal veksle mellom målformene i allment informasjonstilfang som ikkje er knytt til eit geografisk avgrensa område med fleirtalsmålform, slik at det over tid blir ei rimeleg kvantitativ fordeling mellom målformene. For statsorgan som dekkjer heile landet, skal det altså – for tilfang som ikkje gjeld eit geografisk avgrensa område – vera minst 25 pst. av begge målformene. Unntaket er at statlege skjema skal liggja føre og vera tilgjengelege i begge målformer, anten i form av paralleluttgåver eller som tospråkleg enkeltuttgåve.

Også allment informasjonstilfang kan eventuelt lagast i begge målformer dersom organet ønskjer det. Når ein skal rekna ut prosentfordelinga, vil slike paralleltekstar telja 50 pst. for kvar målform. Temaet i denne meldinga er altså kvotekravet om minst 25 pst. av kvar målform i allment informasjonstilfang, anten dette blir oppnådd etter hovudregelen om veksling eller ved å laga noko tilfang i begge målformer.

Dei aktuelle reglane er § 8 første ledd første og andre punktum i lova og § 6 første ledd i den tilhøyrande forskrifta. Reglane har denne ordlyden:

«Statsorgan som har heile landet som tenestekrins, skal syte for at rundskriv, kunngjeringar, informasjonstilfang o.l. som organet lagar, veksler mellom målformene slik at det blir ei

rimeleg kvantitativ fordeling mellom dei. Der som det einskilde organet finn grunn for det, kan slikt tilfang gjevast ut i begge målformer.»

«For tilfang etter § 8 første ledd i lova vil ei rimeleg kvantitativ fordeling seie at ingen av dei to målformene skal vere representert med mindre enn 25 %.»

Vidare er det i § 4 i lova fastsett at tilsette i embete eller statstenestepost der skriftleg utforming er ein del av tenesta, pliktar å nytta bokmål og nynorsk etter dei reglane som til kvar tid gjeld for målbruk i statstenesta. I § 1 i forskrifta er det likevel fastsett at det er kvart statsorgan sjølv som har plikt til å syta for at reglane om målbruk i offentleg teneste blir følgde. Her heiter det òg at kvart statsorgan har ansvaret for at dei tilsette innan rimeleg tid får nødvendig opplæring i bokmål og nynorsk.

I den nemnde paragrafen i forskrifta er det lagt til Kultur- og kyrkjedepartementet å føra tilsyn med gjennomføringa av reglane om målbruk i offentleg teneste. Det materialet som ligg til grunn for denne meldinga, er framskaffa som eit ledd i dette tilsynsarbeidet. Den operative tilsynsfunksjonen for alle statsorgan under departementsnivået vart frå 1994 overført til Språkrådet. Dei statistiske oppgåvene for målbruken i alle desse statsorgana byggjer såleis på materiale som er innhenta frå Språkrådet. Kultur- og kyrkjedepartementet fører sjølv tilsyn med dei andre departementa.

I kapittel 2 nedanfor går vi igjennom dei viktigaste delane av målbruksstatistikken som er sett saman på grunnlag av det materiale Kultur- og kyrkjedepartementet og Språkrådet har innhenta sidan den forre meldinga. Tabellar og figurar er samla i eit eige vedlegg bak i meldinga, jf. vedlegg 2. I fleire av tabellane og figurane er det også teke med tilsvarande tal, dels frå den forre rapporteringsperioden 1997–2000, dels heilt tilbake til 1994.

## 2 Rapport om statleg målbruk 2001–2004

### 2.1 Målbruk i sentralt informasjonstilfang frå departementa

#### 2.1.1 Proposjonar og meldingar

Proposjonar og meldingar til Stortinget svarar for ein stor del av det trykte informasjonstilfanget som departementa lagar. Dette har dei siste åra utgjort årleg nesten 13 000 trykksider, og for den fireårige rapporteringsperioden 2001–2004 er det tale om godt og vel 51 000 trykte sider med dokument som har gått frå regjeringa til Stortinget, jf. tabell 2.1 i vedlegg 2.

Tabellen viser at av alt dette var 17,3 pst. på nynorsk, altså nesten åtte prosentpoeng lågare enn det forskriftsfesta minstekravet. Dette er likevel ein auke på tre prosentpoeng frå perioden 1997–2000. Dessutan viser tabell 2.2 at det også var ei positiv utvikling gjennom den siste fireårsperioden, frå 14,0 pst. i 2001 til 19,0 i 2004. Denne utviklinga har halde fram i 2005. Pr. 9. desember låg den registrerte nynorskprosenten for stortingsdokument i 2005 på 21,8 pst., jf. tabell 2.2 høgre kolonne.

Som tabellane viser, er det likevel store variasjonar dei enkelte departementa imellom. Berre fire av dei etterlevde minstekravet på 25 pst. i perioden 2001–2004. Det var Utdannings- og forskingsdepartementet med 53,7 pst. nynorsk, Landbruks- og matdepartementet med 45,2 pst., Kultur- og kyrkjedepartementet med 34,2 pst. og Miljøverndepartementet med 32,1 pst. nynorsk.

Av dei andre departementa er det Utanriksdepartementet og Kommunal- og regionaldepartementet som følgjer nærmast etter, begge med om lag 20 pst. nynorsk. Olje- og energidepartementet, Samferdselsdepartementet og Nærings- og handelsdepartementet har hatt minst 25 pst. nynorsk eitt enkelt år, men ingen av dei har stabilisert seg på eit nivå som tilfredsstiller lovkravet.

Tre av dei fire departementa som etterlevde kvotekravet på minst 25 pst. i den siste rapporteringsperioden, er dei einaste som har oppfylt denne kvoten også når vi ser dei siste ti-elleve åra under eitt, og dei har gjort det med god margin. Dette gjeld Landbruks- og matdepartementet med 52 pst., Utdannings- og forskingsdepartementet

med 42 pst. og Kultur- og kyrkjedepartementet med 35 pst. nynorsk. Dette går fram av tabell 2.3.

Tabell 2.1 viser at det i den siste fireårsperioden er fem departementet som har skrive mindre enn 10 pst. nynorsk i stortingsdokumenta sine. Rekna frå botnen av lista gjeld dette Forsvarsdepartementet, Helse- og omsorgsdepartementet, Arbeids- og sosialdepartementet, Justis- og politidepartementet og Finansdepartementet. Som tilsynsorgan har Kultur- og kyrkjedepartementet no ein dialog med dei fleste av desse.

Såleis melde Justis- og politidepartementet i februar at dei hadde planlagt slik at dei såg ut til å koma ut med litt i overkant av 25 pst. nynorsk i 2005, og pr. 9. desember ligg dei på 24,3 pst. I januar slo Helse- og omsorgsdepartementet fast at ambisjonsnivået deira var å oppfylla minstekravet på 25 pst. nynorsk fullt ut, men dei er pr. 9. desember berre oppe i 13,1 pst. Endeleg har Forsvarsdepartementet i brev av 1. juli 2005 streka under at dei tek kravet til målbruk alvorleg, at dei arbeider vidare med tiltak, og at dei vil koma tilbake til desse så fort råd er. Dei hadde 24,8 pst. pr. 9. desember. Arbeids- og sosialdepartementet og Finansdepartementet derimot ligg framleis under 10 pst.

#### 2.1.2 Andre dokumenttypar

Den dokumenterte framgangen for nynorsk i stortingsdokument i perioden 2001–2004 blir dessverre ikkje motsvara av ei tilsvarande utvikling innanfor anna slags informasjonstilfang som departementa lagar. Tvert imot er det her registrert ein tilbakegang samanlikna med perioden 1997–2000. Dette omfattar slikt som pressemeldingar, stillingsannonser og andre kunngjeringar, rundskriv, brosjyrar, høyningsdokument, faste eller sporadiske publikasjonar osb.

Av registreringstekniske grunnar delar vi dette tilfanget i to grupper. For dokument over 10 sider reknar vi samla sidetal, på same måte som for stortingsdokument. For dokument under 10 sider reknar vi talet på dokument, men slik at dokument på meir enn 5 sider tel dobbelt.

På dette grunnlaget kjem vi ut med ein samla nynorskkvote i dokumentkategorien under 10 sider som varierte mellom 17 og 13 prosent i perioden 2001–2004. Det var dessutan ein negativ trend i løpet av perioden. Nedgangen er markert når vi samanliknar med den førre fireårsperioden. Da varierte prosenten nynorsk mellom 22 og 25. Dette går fram av tabell 2.4.

Tabell 2.5 viser at det har vore ei tilsvarende utvikling også for dokumentkategorien over 10 sider. Her var dessutan nivået lågare i utgangspunktet. Mens nynorskkvoten for dette tilfanget veksla mellom 10 og 14 pst. i åra 1997–2000, var det berre mellom 6 og 9 pst. nynorsk i perioden 2001–2004.

Det er noko usikkert i kva grad desse tala er uttrykk for ein faktisk nedgang i nynorskbruken samanlikna med tidlegare. At prosenttala har gått ned, kan i noka mon ha registrerings- og rapporteringstekniske årsaker. Mens stortingsdokument er ein avgrensa kategori der alt blir registrert sentralt og feilkjeldene såleis er reduserte til eit minimum, er alt det andre tilfanget ei heller brokut blanding av dokumenttypar og publiseringsmåtar som departementa registrerer kvar for seg.

Med dette som utgangspunkt kan ein ikkje utan vidare gå ut frå at alt relevant tilfang faktisk blir registrert. Det er nok ikkje like lett å få med absolutt alt relevant tilfang som å identifisera akkurat den meir avgrensa delen av dette som er laga på nynorsk. I den grad det skjer ei slik underrapportering av bokmåltilfang, vil den utrekna nynorskprosenten bli kunstig høg. Utan at vi har klare indikasjoner på det, kan det henda at noko av nedgangen i den registrerte nynorskprosenten skuldast at det er vorte mindre av slik underrapportering. Men i så fall har altså prosenten tidlegare vore kunstig høg, og det gjer i og for seg ikkje saka så mykje betre.

Uavhengig av dette går det fram av tabellane 2.4 og 2.5 at det også her er store skilnader departementa imellom. Når det gjeld tilfang over 10 sider, er det grunn til peika på at det her kan vera tale om svært få dokument frå det enkelte departementet kvart år. Dette gjer at det kan bli store variasjonar i nynorskprosenten frå år til år. Gjennomgåande er prosenttala likevel så låge at det er klart at ingen av departementa synest å ha gode nok rutinar på dette feltet. Over tid er det ingen av dei som på dette punktet oppfyller kravet om minst 25 pst. nynorsk.

Når det gjeld tilfang under 10 sider, er talgrunnlaget større og prosentane for kvart enkelt år meir å lita på. I den siste fireårsperioden er det berre Kultur- og kyrkjedepartementet og Olje- og energidepartementet som har fått tilsendt rapportskjema.

departementet som i gjennomsnitt har hatt tilnærma 25 pst. nynorsk. Kommunal- og regionaldepartementet, Fiskeri- og kystdepartementet og Justis- og politidepartementet følgjer tett etter. I Samferdselsdepartementet har det vore ei positiv utvikling i perioden.

Finansdepartementet hadde tidlegare svært høg nynorskprosent i dokumentkategorien under 10 sider, men sidan 2002 har utviklinga vore negativ, og dei har no falle godt under minstekravet på 25 pst. Ei tilsvarende utvikling har det vore i Arbeids- og sosialdepartementet, til dels også i Utdannings- og forskingsdepartementet, Miljøverndepartementet og Barne- og familidepartementet. Også i Nærings- og handelsdepartementet har nivået i løpet av perioden falle under 10 pst. Særleg därleg stelt er det i Forsvarsdepartementet. Her har det nesten ikkje vore brukt nynorsk i det heile. Til dette kjem at Forsvarsdepartementet er registrert med 0 pst. nynorsk kvart einaste år i dokumentkategorien over 10 sider.

## 2.2 Målbruk i sentralt informasjonstilfang frå andre sentrale statsorgan

### 2.2.1 Rapportert tilfang frå kvart enkelt statsorgan

Sidan 1994 har Språkrådet innhenta årlege rapportar om målbruk frå sentrale statsorgan under departementsnivået. Tabell 2.6 og figur 2.1 viser samla nynorskprosent kvart enkelt år etter summering av tala i alle innkomne rapportar. Det går her fram at situasjonen lenge har vore nokså stabil, med i overkant av 20 pst. nynorsk i tilfang under 10 sider og i underkant av 15 pst. i tilfang over 10 sider. Tala for 2004 gir grunn til ekstra uro. Nynorskprosenten i tilfang over 10 sider har dette året falle til berre 9 pst., og dei to siste åra har det også vore ein nedgang for tilfang under 10 sider. Dette strekar under behovet for å skjerpa tilsynsarbeidet i tida framover.

Tala for samla nynorskprosent skjuler store variasjonar. Først må nemnast at dei omorganiseringane som har skjedd i staten, har ført til ein reduksjon i talet på sentrale statsorgan. Dette må ein ta omsyn til når ein frå det eine året til det andre samanliknar talet på organ som kjem over ei viss prosentgrense.

Framleis er det også ein del organ som ikkje fyller ut og sender inn dei årlege rapporteringsskjema til Språkrådet, slik det også vart peikt på i meldinga frå 2001. Tabell 2.7 viser at talet på statsorgan som har fått tilsendt rapportskjema, har gått ned frå 209 i 2001 til 160 i 2004. Talet på innkomne

rapportar har i perioden gått ned frå 154 til 140. Dette inneber at ein god del organ har sendt inn rapport i tre av åra, nokre i to og nokre få berre for eitt år. Alle organ er likevel med i dei totaltala som blir presenterte i det følgjande, uavhengig av kor mange år dei har rapportert. Vel 90 organ har sendt inn rapport kvart år i fireårsperioden.

Tabell 2.7 og figur 2.2 viser utviklinga heilt frå 1994. Hovudtendensen er at talet på statsorgan med minst 25 pst. nynorsk auka fram til 2001. Frå 2002 har det derimot gått noko tilbake. For tilfang over 10 sider er det ein særleg markant nedgang i 2004. I toppåret 2001 var det 42 av 209 organ som kom over 25 pst. nynorsk i informasjonstilfang under 10 sider, mens 32 organ hadde over 25 pst. i materiale over 10 sider. I 2004 var dei tilsvarende tala 29 av 160 organ i tilfang under 10 sider og 15 av 160 i tilfang over 10 sider.

Tabell 2.8 viser nynorskprosent for heile rapporteringsperioden 2001–2004 i begge dokumentkategoriane spesifisert på kvart enkelt organ. Organa er oppførte alfabetisk, og det er også med ein kolonne som viser om dei har levert rapport alle fire åra eller ikkje. Åtte av dei i alt 166 oppførte organa har ikkje sendt inn ein einaste rapport. Om lag 40 av dei kjem ut med ein nynorskprosent på tilnærma 25 pst. eller meir i tilfang under 10 sider, mens det tilsvarende talet for tilfang over 10 sider er om lag 30 organ. Her må ein likevel vera merksam på at heller ikkje alle desse har levert rapport kvart år.

Tabell 2.9 viser at det berre var 13 organ som både leverte rapport alle åra, og som hadde tilnærma 25 pst. eller meir nynorsk i begge dokumentkategoriane. Dette var høgskolane i Sogn og Fjordane, Volda, Stord/Haugesund og Stavanger, dessutan Universitetet i Bergen og Kunsthøgskolen i Bergen. I tillegg omfattar lista Bunad- og folkedraktrådet, Eigarskapstilsynet, Riksteatret, Riksarkivet, Riksadvokaten, Arbeidsretten og Norsk institutt for oppvekst, velferd og aldring. I tillegg kjem Statens lånekasse for utdanning og Norsk kulturråd med nær opptil 25 pst. i kategorien under 10 sider og godt over 25 pst. for tilfang over 10 sider, dessutan Utdanningsdirektoratet med nær opptil 25 pst. i begge kategoriane. Riksutstillingar og særleg Lotteritilsynet må rosast for svært høg nynorskprosent, sjølv om det manglar ein innsend rapport eller to.

Ein nærmare gjennomgang av tabell 2.8 vil også visa at det er enkelte andre organ som utmerker seg positivt. Dersom vi legg særleg vekt på rapportert tilfang under 10 sider, der feilkjeldene truleg er minst, kan nemnast Fiskeridirektoratet, Brønnøysundregistra, Høgskolen i Telemark, Havforsknings-

instituttet, Direktoratet for naturforvaltning og Høgskolen i Agder. Nokre institusjonar som ikkje har rapportert at dei har tilfang over ti sider, har over 25 pst. nynorsk i dokumentkategorien under 10 sider. Dette gjeld Regjeringsadvokaten, Høgsterett, Skipsregistra og Utrykkingspolitiet.

Poenget er ikkje å måla nynorskbruken nøyaktig på millimeteren, eller på prosentdesimalen. Det avgjerande er at statsorgan har faste rutinar som gjer at dei over tid kjem ut på plussida i høve til 25-prosentsgrensa når ein ser dei ulike målingane i samanheng. Det viser seg altså at det finst ein god del institusjonar som har orden på dette, men det er dessverre altfor få. Det er ingen grunn til at ikkje også dei andre skal få dette til. I kjølvatnet av denne meldinga må det vera ein føresetnad at alle institusjonar tek mållova på alvor, og at dei omgående set i gang eit systematisk arbeid for å justera kurser.

Tabell 2.10 viser kva for institusjonar som har ein særleg stor jobb å gjera. Nokre av desse har ikkje sendt inn ein einaste rapport i perioden, mens alle dei andre kjem ut med mindre enn 10 pst. nynorsk i begge dokumentkategoriane.

Språkrådet sender frå tid til anna brev til departementet om statsorgan som det er særleg vanskeleg å koma i dialog med for å få til tilfredsstillande rapporterings- og vekslingsrutinar, og som år etter år – trass i purring og velvillig rettleiing frå Språkrådet – ikkje etterlever målbruksreglane. Departementet har tidlegare i år følt opp fleire slike saker med direkte brev til vedkomande institusjonar. Dette gjeld m.a. Toll- og avgiftsdirektoratet, Statens jernbanetilsyn, Noregs geologiske undersøking og Læring for arbeidslivet (Vox). Det gjeld også universiteta i Oslo og Tromsø, Noregs musikkhøgskole og høgskolane i Akershus, Vestfold, Østfold, Hedmark, Lillehammer, Bodø, Narvik, Harstad, Tromsø og Finnmark.

Med utgangspunkt i det overordna forvalnings- og tilsynsansvaret departementet har for mållova, har vi bedt institusjonane å setja i verk nødvendige tiltak for fullt ut å kunna etterleva målbruksreglane. Dei fekk ein frist på seg til å gjera greie for kva rutinar og tiltak dei hadde kome fram til, og korleis dei vil sjå til at dette fungerte over tid. Språkrådet er no i gang med å vurdera og følgja opp dei innkomne utgreiingane og skal seinare rapportera til departementet om dette.

## 2.2.2 Kartlegging av målbruk på nettsider

Kravet om veksling mellom målformene i sentralt informasjonstilfang gjeld uavhengig av i kva form materialet blir gjort tilgjengeleg, anten det skjer på den tradisjonelle måten, i papirform, eller i elektro-

nisk form. Dei aller fleste statsorgan – om ikkje alle – har no eigne nettsider, og det tilfanget som blir lagt ut der, kjem sjølv sagt inn under vekslingsreglane. Ein har sett døme på at statsorgan har gløymt å rapportera slikt tilfang. Men stadig meir stoff blir no berre formidla på denne måten – over Internett, og det er derfor grunn til å leggja stadig større vekt på slik digital nettpublisering i tilsynsarbeidet.

I meldinga frå 2001 presiserte departementet at det her er viktig at ein ikkje berre vekslar mellom målformene i det redaksjonelle stoffet på nettsidene, men at også ein del av dei faste tekstane og menyane blir laga på nynorsk. Det er viktig at begge målformene er klart synlege på nettsidene. Ei løysing er å gje brukaren høve til å velja mellom nynorsk og bokmål som skjermmiljø, eit anna alternativ å ha menyar der noko er på bokmål og noko på nynorsk.

Språkrådet gjennomførte i august 2005 ei særskild kartlegging av fordelinga mellom nynorsk og bokmål på 173 statlege nettstader. Dette skjedde på den måten at det vart søkt i søkjemotoren Google etter ordparar «ikkje/ikke» og «frå/fra». Det har vist seg at dette er ein god metode til å skilja mellom stofftilfang på nynorsk og bokmål. Fordelen ved å gå fram på denne måten er at registreringa skjer maskinelt slik at ein i utgangspunktet får eit objektivt mål på språkfordelinga i det stoffet som på det aktuelle tidspunktet ligg ute på vedkomande nettstad. Likevel har også ein slik metode sine feilkjelder, og resultata må tolkast med ein viss slingsringssmonn. Kartlegginga er publisert i Nynorsk faktabok 2005, utgitt av Nynorsk kultursentrums. Her er det også gjort nærmare greie for feilkjeldene.

Det går fram av presentasjonen i Nynorsk faktabok 2005 at mindre enn tjue nettstader gav brukarane høve til å velja mellom nynorsk og bokmål, eller var i ferd med å utvikla slike løysingar. Berre 9 pst. av nettstadene hadde såleis nynorsk skjermmiljø, mens 24 pst. hadde innslag av nynorsk på førstesida. I det redaksjonelle stoffet viste kartlegginga at det var mindre enn 1 pst. nynorsk på heile 49 nettstader, dvs. på 28 pst. av nettstadene. Av desse var 16 heilt frie for nynorsk. Det var 52 nettstader – 30 pst. – som hadde meir enn 5 pst. av dokumenta på nynorsk; av desse låg 30 nettstader over 10 pst.

På svært mange av nettstadene synest nynorsken å vera nesten fråverande, og det er berre eit lite mindretal som oppfyller det forskriftsfesta kravet om minst 25 pst. av kvar målform. Nærmare bestemt var det tolv av nettstadene som kom ut med eit resultat som gjer at ein kan seia at dei opp-

fylte dei krav som følgjer av mållova. Dette gjaldt Høgskolen i Sogn og Fjordane, Bunad- og folkeidrakrådet, Høgskolen i Volda, Noreg.no, Språkrådet, Lotteri- og stiftelsestilsynet, Høgskolen Stord/Haugesund, Norsk lokalhistorisk institutt, Brønnøysundregistra, Utdanningsdirektoratet, Statens lånekasse for utdanning og Norsk kulturråd.

Tabellen viser at fleire av dei største publikumsretta nettstadene er mellom dei som har svært lite nynorsk. Det gjeld Aetat, Barneombodet, Den norske kyrkja, Likestillingsombodet, Posten Noreg, Samordna opptak, Skattedirektoratet, Kulturnett Noreg, Ung.no og Nasjonalbiblioteket. Jamvel om dei nøyaktige tala må takast med ei klype salt, dokumenterer kartlegginga at det i tida framover må gjerast ein særskild innsats for å leggja om nettstadene slik at dei blir i samsvar med krava i mållova. I brev til Noreg.no av 4. oktober 2005 har dessutan Språkrådet bedt om at det i kvalitetsvurderinga av nettstadene til sentrale statsorgan blir teke med eit kriterium for språkleg jamstilling.

### 2.2.3 Skjema

Statlege skjema av ulike slag kjem ikkje inn under den hovudregelen om veksling mellom målformene som gjeld for anna utoverretta informasjons tilfang. Som nemnt under kap. 1.2 skal skjema derimot liggja føre og vera tilgjengelege i begge målformer. Dette er fastsett i § 8 fjerde ledd i mållova. Skjema blir derfor ikkje tekne med når ein reknar ut den prosentvisje totalfordelinga mellom nynorsk og bokmål. I staden blir dette tilfanget rapportert og registrert for seg.

I 2004 var det i alt 78 statsorgan som gav opplysningar om skjema i rapporten sin til Språkrådet. Av desse var det 13 som opplyste at dei ikkje hadde skjema.

Summen av rapporterte skjema var 2020, og av desse var det berre 840 som fant i begge målformer, dvs. 41,6 pst. Til samanlikning var det tilsvarannde talet i 2000 50,5 pst. Altså har det også her vore ein viss tilbakegang når det gjeld å etterleva regelen i mållova. Av dei skjemaa som berre fanst på den eine målforma, var det i 2004 915 som berre var på bokmål, mens 265 berre var på nynorsk.

Statsorgan som merkjer seg negativt ut, er Vegdirektoratet (28 skjema, all berre på bokmål), Statens forureiningstilsyn (1 på begge målformer, 13 berre på bokmål), Mattilsynet (19 skjema på begge målformer, 171 berre på bokmål, 23 berre på nynorsk), Husbanken (13 på begge målformer, 36 berre på bokmål, 28 berre på nynorsk), Høgskolen i Stavanger (77 på begge målformer, 141 berre på

bokmål), Toll- og avgiftsdirektoratet (45 på begge målformer, 55 berre på bokmål), Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap (28 på begge målformer, 32 berre på bokmål), Fiskeridirektoratet (30 på begge målformer, 20 berre på bokmål), Rikstrygdeverket (92 på begge målformer, 52

berre på bokmål), Skattedirektoratet (103 på begge målformer, 40 berre på bokmål).

Statistisk sentralbyrå kan på den andre sida trekkjast fram som eit føredøme. Dei har svært mange skjema og rapporterer at alle ligg føre på begge målformer, slik dei skal.

### 3 Mål og tiltak for arbeidet framover

I målbruksmeldinga frå 2001 varsla regjeringa Bondevik ein ny giv for nynorsk målbruk i staten og skisserte fleire konkrete tiltak, mellom anna etableringa av ei statleg språkkonsulentteneste og eit treårig satsingsprosjekt, jf. St.meld. nr. 9 (2001–2002) kap. 4.2. Siktemålet var at det store fleirtalet av statsorgan ved slutten av prosjektperioden skulle oppfylla målbruksreglane fullt ut. Dette fekk brei tilslutning i Stortinget, men det nemnde satsingsprosjektet er ikkje gjennomført, og det er først no i haust at det er skjedd tilsetjing i den første språkkonsulentstillinga. På budsjettet for 2006 er det lagt inn midlar til to nye stillinger.

I denne meldinga er det da også klart dokumentert at det som har skjedd sidan 2001, knapt kan karakteriserast som nokon ny giv. Unntaket er ein viss auke i nynorskbruken i proposisjonar og meldingar til Stortinget og elles nokre enkeltståande lypunkt blant statsorgan under departementsnivået. Den gjennomgåande tendensen er likevel stillstand og på fleire område til og med tilbakegang.

Dette stadfestar den erfaringa som ein også har gjort tidlegare, at det er ein klar samanheng mellom dei ressursane som blir lagde ned i det sentrale tilsynsarbeidet, og dei resultat ein kan rekna med å oppnå. Dei mangelfulle resultata frå den siste fireårsperioden viser at det no er nødvendig å henta fram att det offensive tiltaksprogrammet som vart skissert i den førre meldinga, og leggja meir arbeid i å følgja dette aktivt opp på gjennomføringssida.

Regjeringa vil med denne meldinga gi klar beskjed om at reglane om målbruk i staten skal etterlevast. At dette skjer, er eit ansvar for leiatarar på alle nivå, på linje med andre embets- og tenesteplikter. Hovudansvaret kviler på den øvste leiaren i kvart enkelt statsorgan. Med tanke på dei kulturpolitisk svært viktige omsyn mållova skal tena, vil regjeringa no streka under at det er nødvendig å få orden på måljamstillingsarbeidet internt i eigen organisasjon.

Å setja eit sterkare sokjelys på leiarsvaret og stilla sterkare krav til innsats i kvart enkelt statsorgan vil vera det eine elementet i det oppryddingsarbeidet som må gjerast i tida framover. Det andre

elementet vil vera å få etablert og bygd ut den språkkonsulenttenesta som vart skissert i målbruksmeldinga frå 2001. Dermed kan ein frå sentralt hald på ulike måtar støtta opp under språkarbeidet i dei statsorgana som har god vilje, men som likevel ikkje heilt evnar å få det til på eiga hand.

Den sentrale tilsynsfunksjonen er ein nødvendig føresetnad for å få initiert og koordinert den innsatsen som no må gjerast for å rydda opp i det statlege måljamstillingsarbeidet. Derfor er det avgjerande at det blir sett av nødvendige administrative ressursar til å følgja dette opp. Dette gjeld særleg i Språkrådet, som har tilsynsansvaret for alle statsorgan under departementsnivået.

Kultur- og kyrkjedepartementet vil på si side halda god kontakt med dei andre departementa. Føresetnaden er at alle desse snarast råd får rydda opp i eige hus, slik at dei også kan stå fram som føredøme for dei underliggjande organa sine. Kultur- og kyrkjedepartementet har no ein god dialog med dei fleste andre departementa, og regjeringa ventar at alle departement legg seg i selen for snarast råd å koma opp i minst 25 pst. nynorsk slik det er fastsett.

Kultur- og kyrkjedepartementet vil elles ta eit overordna ansvar for å få sett i gang dei tiltak som er nødvendige. Den påbodne rapporteringa til Stortinget som denne meldinga er eit døme på, er i seg sjølv eit viktig verkemiddel i måljamstillingsarbeidet. Det er påtakeleg kor mykje lettare det er å få respons i tilsynsarbeidet når ein kan visa til at tida for den lovpålagde meldinga til Stortinget nærmast seg.

Det er viktig at ein no kjem raskt i gang med eit nødvendig oppryddingsarbeid. Tidsperspektivet må vera så pass nært at det ikkje inviterer til å utsetja initiativ som må takast og tiltak som må gjennomførast. Signalet er at ein må prioritera eit arbeid som tidlegare har vore forsømt. I løpet av eit par år bør ein ha kome så langt at det store fleirtalet av statsorgan kan dokumentera minst 25 pst. nynorsk. I den grad dette ikkje skulle lukkast, vil det måtta vurderast kva for tiltak og justeringar som det elles kan bli nødvendig å setja i verk.

Det aller første Kultur- og kyrkjedepartementet vil ta initiativet til, er å få sett i gang arbeidet med å rydda opp på dei statlege heimesidene på Inter-

nett. Den kartlegginga som Språkrådet gjennomførte i august 2005, kan tyda på at det her er enda dårlegare stelt med måljamstillinga enn elles. Samstundes er formidling av offentleg informasjon på Internett vorte ei stadig viktigare kommunikasjonsform mellom det offentlege og det store publikum. Det er derfor særleg viktig at nynorsk er godt synleg i denne informasjonskanalen. I det politiske grunnlagsdokumentet sitt har da også regjeringspartia slått fast at offentlege nettstader skal etterleva mållova.

Ein del av bodskapen i meldinga frå 2001 var at ein skulle byggja ut det tradisjonelle tilsynsarbeidet med positive støttetiltak slik at dette i mindre grad fekk karakter av kontrollverksem. Det var særleg den påtenkte språkkonsulenttenesta ein her hadde i tankane. Målet for arbeidet framover må vera å gjera denne konsulentfunksjonen til ein integrert del av tilsynsarbeidet, slik at nødvendig kontroll og rapportkrav kan kombinerast med tilbod om hjelp og støtte.

Det er elles grunn til å streka under at den statlege språkkonsulenttenesta skal ha eit todelt formål, og at det å fremja språkleg jamstilling berre er det eine av desse.

Det andre formalet vil vera å fremja godt språk i staten anten det er tale om bokmål eller nynorsk. Godt språk vil mellom anna seia at språket er korrekt, formålstenleg, klart og velforma, og at ein til vanleg brukar norske ord framfor engelske importord og andre framandord. Å arbeida med språket for å oppfylla slike krav er særleg viktig i statsorgan som har brei publikumskontakt. Men idelet om eit korrekt og forståeleg språk er noko ein bør streva etter å leva opp til også i andre skrive- og kommunikasjonssituasjonar.

Ei overordna retningslinje for den statlege språkkonsulenttenesta må vera at ho kan leggja til rette for kompetanseoverføring. Det skal ikkje vera ei teneste som berre utfører oppgåver for eit statsorgan utan at organet sjølv lærer av arbeidet som blir gjort.

Språkkonsulenttenesta må også innrettast slik at ho byggjer opp under positive språkhaldningar, at ho formidlar ei forståing av den kulturrikdomen som ligg i det at vi har to norske målformer. Språket i staten skal ikkje berre vere formålstenleg som effektiv kommunikasjon. Det har òg ein kulturdimensjon ved seg, og det offentlege språket bør helst vera eit føredøme for resten av samfunnet, både når det gjeld fordeling mellom bokmål og nynorsk, og når det gjeld den språklege kvaliteten elles.

Språkkonsulenttenesta må òg sjåast i eit språkstyrkingsperspektiv. Ho skal på lengre sikt vera

med på å styrkja norsk språk som det samfunnsberande skriftspråket i Noreg.

Sjølv om det blir viktig å leggja vekt på positive tiltak i tilsynsarbeidet i tida framover, kjem ein ikkje utanom at det også må stillast krav. Det har i fleire meldingar vore peikt på kor avgjerande viktig det er at ein har faste interne rutinar for korleis vekslingu mellom bokmål og nynorsk skal skje. Slike rutinar må fastsetjast og forankrast på høgste nivå i organisasjonen, dei må vera konkrete og operasjonelle, og dei må kombinerast med eit oppfølgingssystem som gjer at i dei fungerer også i praksis. Det generelle inntrykket i dag er at dei rutinar som finst, er for uforpliktande.

